




Å utøve politikk

Godt lokaldemokrati med høg tillit har vi når...



Foto: ScanStockPhoto

- innbyggjarane kjenner seg godt representerte,
- dei folkevalde set dagsorden, styrer ressursbruken og er ombod for innbyggjarane, og ...
- kommunen leverer det som er lova.



Korleis ta leiarskap?

MOBILISERANDE

REPRESENTERANDE

INKLUDERANDE

Korleis ta leiarskap?



Ein sterk stat



Ei kritisk og
årvaken presse

SOM FOLKEVALD ER
DU UNDER PRESS



Forventningar frå
innbyggjarane

Oppgåvetekst og
komplekse prosessar

Korleis kan vi gjennomføre ein god avgjerdsprosess?

- Inga fast oppskrift
- Openheit er ein føresetnad
- Saken skal vere belyst i si fulle bredde (kommunedirektøren sitt ansvar)
- Inhabilitet?
- Involvere innbyggjarane?
- Organiseringa av det politiske arbeidet?
- Klare ansvarsliner
- Kva med dei tilsette?



Foto: Mostphotos

Korleis utøve folkevald leiarskap i praksis?

- Reise ei sak eller ein debatt
 - «rette ein førespurnad til leiaren på møtet»
 - Grunngjeve spørsmål
 - Interpellasjon
 - Munnleg spørjetime
- Fremje alternative forslag til vedtak
- Krevje å få ei sak på saklista, ekstra kommunestyremøte



Photo by Marcos Luiz Photograph on Unsplash



Case

Politikk er å ville

Lillevik kommune har 43 medlemmar i kommunestyret og behandlar 150 saker i året.

«Alle» sakene er initiert av kommunedirektøren og er levert i samsvar med kommunen sitt årshjul. Sakene blir sendt ut i god tid før møtet, og det er god tid til å ta stilling til kommunedirektøren sine forslag til vedtak. Det er enkelt å vere kommunestyrerepresentant i Lillevik!

Kåre Sand har sete i kommunestyret i tre periodar. Han har stilt mange grunngjevne spørsmål i desse åra, og han har fått gode og informative svar på alle spørsmåla. Men kor vart politikken av?



Foto: Unsplash/Taneli Lahtinen



Case

Politikk er å ville

No er han lei. I denne perioden har partiet hans laga ei liste over ting dei vil gjennomføre, eller i det minste foreslå i det første året i valperioden.

Korleis kan Kåre Sand og kommunestyret få fremja dei sakene dei har gått til val på og sette dagsorden for det politiske arbeidet?



Foto: Unsplash/Taneli Lahtinen



Refleksjonsoppgåve


Korleis ta politisk leiarskap?

1. Korleis får vi på saker i vårt heradsstyre?
2. Korleis tek vi politisk leiarskap?
3. Kva erfaringar kan vi utveksle?



Samhandling med lokalsamfunnet

**Lokale
samarbeidspartnarar:**
Du er ikkje åleine
om å skape eit
godt lokalsamfunn!



Innbyggjardeltaking i lovverket




Kven bør involverast?

- *Kven er det som blir påverka?*
- *Er det nokre synspunkt som bør vektleggjast i større grad?*
- *Veit vi nok om kva innbyggjarane tenkjer?*
- *Kva med dei som blir påverka, men som ikkje seier ifrå?*



Når skal innbyggjarane delta?


- *Når i prosessen skal vi opne for innbyggjardeltaking?*
- *Ønskjer vi å få innspel tidleg, i utgreiingsfasen?*
- *Ønskjer vi å få innspel på ulike alternativ?*



Sørg for å ha ein strategi for innbyggjarinvolvering.

Kvifor + kven + når = korleis

Deltakingstrappa



- Ønskjer vi å gi innbyggjarane informasjon?
- Ønskjer vi å vite meir om korleis innbyggjarane opplever ei konkret teneste?
- Eller vil vite kva innbyggjarane meiner om ei konkret sak?

Snubletrådar

REPRESENTATIVITET

- Ressurssterke aktivistar
- Eit engasjert mindretal
- Kven er representativ?

ANSVARSPULVERISERING

- Folkevalde blir stilt til ansvar for sine avgjersler
- Deltaking i enkeltsaker utan heilskapleg perspektiv

TIDSHORISONT

- Ting tar tid – innbyggjarane er utolmodige

Korleis involvere råd og utval?

- Møteplan/årshjul
- Gjennomgåande representasjon?
- Dialog mellom ordførar, gruppeleiarar, utvalsleiarar?
- Erfaringar frå Granvin og Voss?





Case

- I Lillevik kommune er ein lokal barneskole i svært dårleg forfatning. Det har komme fleire klager frå elevrådet, FAU, lærarar og enkeltelevar og foreldre. Også lokalavisa har kasta seg på og dokumentert slitasjen ved skolen. Det har skapt mykje debatt på sosiale medium.
- Kommunestyret ønskjer no å ta grep. Det er mange alternativ – frå å leggje ned skolen til å byggje ein ny.
- Kommunestyret ønskjer å involvere innbyggjarane før ei avgjerd blir teke.

KORLEIS KAN
INNBYGGJARANE
INVOLVERAST?